

Møte i ungdomsrådet

Tid: 08.04.2024 kl 1630-1800

Stad: Teams

Brukarrepresentantar:

Lilja Eveline Mortensdatter Steen (Hørselshemmedes Landsforbunds Ungdom), Vebjørn Leite Olsen (Mental Helse Ungdom) og Sigrid Rønneberg (Norges Handikapforbunds Ungdom) og Silje Solvang (Norges Blindeforbunds Ungdom – vara)

Ikkje tilstades: Casper Rønning (Norges Blindeforbunds Ungdom) og Dennis Thomassen (Landsforbundet for kombinert syns- og hørselshemmede/døvblinde)

Frå Statped: Kristin Fastvold (møteleiar), Stian Greger Eikeland, Trond Skarsgard Haugerud (1630-1710) og Alice Walgermo (referent)

| Saksnr | Sak |
|---------|--|
| | Sakslista vart godkjend. |
| | Faste saker |
| 05/2024 | Ny opplæringslov Den nye opplæringslova trer i kraft 1.august 2024. Trond Skarsgard Haugerud frå avd. FAKU i Statped gav oss ei lita innføring i dei viktigaste endringane (sjå vedlegg 1). |
| 06/2024 | Status i Statped Kristin hadde ein kort gjennomgang av status i Statped. <ul style="list-style-type: none">• Årsrapport 2023. Rapporten viser høg aktivitet og gjev eit godt bilete av kva som er gjort. Rapporten fekk god tilbakemelding frå KD (sjå vedlegg 2).• Leiargruppa besøk SPSM (Specialpedagogiske skolmyndigheten) i Sverige. Nyttig besøk.• Evaluering av organisasjonsmodell. Evalueringa av organisasjonsmodellen er starta opp og skal vurdere om måla for omorganiseringa er nådd, og om dagens organisering støttar opp om samfunnsoppdraget på ein hensiktsmessig måte. I samsvar med mandatet skal evalueringa identifisere styrker, moglegheiter og forbetningsbehov samt leggje fram forslag til tiltak.• Samiske fagdagar i Bodø (april). Innholdsrikt program. Statped har mykje fokus på korleis vi kan implementere SEAD internt. I tillegg skal vi sjå på korleis vi kan jobbe med funn frå Sannhets- og forsoningsrapporten.• Ny opplæringslov. Intern opplæringspakke i Statped er under arbeid.• Elevkurs. Elevkurser er evaluert, og det er utarbeidd ein evalueringsrapport (vedlegg 3).• Tettare kontakt med fylkeskommunal PPT. Statped ynskjer tettare samarbeid med PPT i vidaregåande opplæring og har starta dialogen.• Erfaringsbasert master i spes.ped audio/syn v/NTNU. Styringsgruppa har hatt fleire møte ila våren. Sjå vedlegg 4 for referat frå førre møte. |
| | Nye saker |

| Drøftingssaker | |
|----------------|--|
| 07/24 | Brukarkonferansen 7.november 2024 Programkomiteen er i gong med å planleggje brukarkonferansen 7.november og bad om innspel knytta til tema, førelesarar og metodikk. Det kom ikkje innspel ila møtet og brukarrådsrepresentantane vart oppmoda til å gje evt. tilbakemelding til Alice på epost. |
| 08/24 | Fullføringsreforma Saka vart utsett til neste møte. |
| 09/24 | Korleis engasjere medlemmar i eigen organisasjon? Saka vart usett til neste møte. |
| 10/24 | Digital infopakke – rekruttering brukarrådsrepresentantar Statped Arbeidsgruppa er i gong med å utarbeide ein digital informasjonspakke som eit ledd i arbeidet med å rekruttere brukarrådsrepresentantar i Statped. Alice hadde ein kjapp gjennomgong av status for arbeidet. |
| Evt | Alice sender ut møtedatoar for hausten 2024. |